

Svein Telstø Kvamme
Erstadvegen 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15826 - 20/67277

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.10.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 61/1 Skotsund

Tiltak: Driftsbygning/produksjonslokale
Byggjestad: Gbnr: 61/1
Tiltakshavar: Svein Telstø Kvamme

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.09.2020.

Kart og teikningar



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltakshavar er ikkje heimelshavar. Det må dokumenterast fullmakt, eller heimelshavar sin signatur på søknaden, at heimelshavar har gitt samtykke.

2. Situasjonsplanen må påførast ytre hovudmål.
3. Planteikning må påførast breidde på bygget og rominndeling. Det må gjerast greie for målbart areal på loftsplanet og eventuell bruk av dette. Høgdeplassing av bygget må gå fram av terrengprofil.
4. Det er opplyst at bygget skal ha innlagt vatn, men ikkje WC. Når eit bygg har innlagt vatn må det søkjast om utsleppsløyve.

Søknadsskjema for utslepp og informasjon om avløp finn du her:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/vatn-og-avlop/avlopshandtering/>

Spørsmål om utsleppssøknadar kan rettast til avdeling for miljø og tilsyn.

Søknaden ligg i område som i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 er avsett til LNF-føremål. Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med føremålet. Då tiltaket ligg innanfor omsynssoona kulturmiljø som omfattar den indre farleia, vert søknaden send på høyring til Vestland fylkeskommune, jf føresegn 4.2.4 i planen.

Plankart og føresegner til kommunedelplanen for Lindås finn du her:

https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/Overordna_planar/

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Svein Telstø Kvamme

Erstadvegen 1

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Svein Telstø Kvamme

Erstadvegen 1

5911

ALVERSUND

